



Fylkesmannen i Hordaland Kommunal og samfunnsplanavdelinga
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1105 - 14/3174

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

06.03.2014

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådelling av to parsellar på Erstad, gbnr 14/1.

Det vert vist til søknad motteke 06.11.2013 frå Asle Meland om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel – LNF – for frådelling av to parsellar på Erstad, gnr.14 bnr.1. Parsellane skal nyttast til bustadføremål .

Plangrunnlag:

Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel lagt ut til LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde). Deler av tomt nr 1 er i arealdelen til kommuneplanen definert som LNF ja-område.

Søknad om dispensasjon.

Det vert i skriv d. 04.11.2013 søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådelling av to parsellar, sjå vedlegg.

For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Nabovarsling:

Naboane er varsla og det har ikkje komme merknadar.

Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.*

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål. Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring.

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast. Tiltaket endrer ikkje på arealbruken i kommuneplanen.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar skal søknaden om dispensasjon sendast regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordland – Kommunal- og samfunnsplanavd. og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland Kommunal og samfunnsplanavdelinga	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune Regionalavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN